



OPPDAL BYGDEKVINNELAG

Årsmelding 2022



Årsmelding 2022 for Oppdal bygdekvinnelag

Styret har bestått av:

Leder:	<i>Toril Fløystad Dørum</i>
Nestleder	<i>Gerd Røtvei</i>
Kasserer:	<i>Olava Hagen Bøe</i>
Styremedlem:	<i>Randi Brattbakk</i>
1.vara	<i>Hanna Vik</i>
2.vara	<i>Marie Thyve</i>

Revisor Torhild Svisdal Mjøen
Marit Bjerås

Turkomitè Marle Thyve
Karen Hoel Vognild

Blomsterfondet Marie Thyve
Karen Hoel Vognild- vara

Fjellmessekomitè avventer/evt.styret

Valgkomite Åse Bjørndal Volden
Karen Hoel Vognild

Landbrukshelsetjeneste Gerd Røtvei

Dette året har laget gått eit steg vidare med fornying i samband med ny logo. Både forkle og roll-up er semstemte i svart med ny NBK-logo. Eit godt bilde av fjell ogvatn prydar roll-upen, der også namnet Oppdal står.

Styret Randi Horvli, Randi Elisabeth Brattbakk, Olava Hagen Bøe, Anong Vognild med vara Hanna Vik sorn fast møtedeltakar da Torill Dørum tok permisjon i år, har hatt 7 styremøter.

Det har vore arrangert fire medlemsmøter med tema, servering og utlodning: 1) I kantina på Oppdal helsesenter 23.02 med trenings-DVD av Audun Myskja. 4 deltakarar, eit ikkje-medlem kom; to budde på helsesenteret. Kaker og frukt til overs vart gitt til brukere av kantina. 2) På tur i sentrum 8.03 der vi avslutta på Grøseth kafe, 7 medlem kom. 3) På Aune barneskole med digitalt foredrag "Dyrk enkelt". Reklame for treffet sendt ut til foreldre og lærere. Vi var 5, 3 ikkje-medlem. 4) I OMM den 8.juni der vi skar rabarbra i bitar og laga sjokolademuffins. 2 medlem i tillegg til 4 fra styret deltok.

Årets suksess inspirert av aksjonen i NBK (bruk heile dyret): Kontakt med rektor ved ungdomsskolen resulterte i servering denne våren. Vi samarbeidde med Forening for kvinner og familie ved leder Randi Hindseth om å servere kraftsuppe og foccacia til elevane ved ungdomsskolen den 2.mai. Styret tok ansvar for å koke kraft av gratis bein frå Oppdal spekemat på Lønset fredag 29.april. Vi var 11 damer som klarte brasene denne formiddagsstunda den 2.mai for elevar og lærarar- ca 300 i alt. Vi hyra inn ein suppeansvarleg og oppvaskmaskinkjører Tik Thyve. OPP- avisa dekte saka.

Den 10. juni stilte Oppdal bygdekvinnelag på Oppdal helsesenter for å ta i mot gjestar på sykkelens dag. Få syklistar kom p.ga farleg trafikk på E6, men mange brukere av Oppdal helsesenter kunne nyte godt av serveringa: Rabarbrasuppe, sjokolademuffins og kaffe. Resterande rabarbrasuppe (vi leverte kutta rabarbra til 30 liter) som var kokt av kjøkkenet der, vart fordelt på avdelingane ved OHS.

Vi hadde tur til Lesja den 27.juni med minibuss vi fylte opp, 17 i alt, der 6 medlem deltok: Inspirerande treff på Avdemsbua og omvisning i kyrkje og museum på Lesja.

Vi har deltatt ved to høve på museet; 1) Sal av kaffe/te/saft til raffelkaku og rabarbrasytle den 17.juli og 2) Kulturminnedagen 4.september der det vart bakt tjukklefse saman med born og ungdom og solgt tjukklefse. (Barnas verdensdager med tjukklefsebakning vart avlyst i mai).

Så møttest vi til Bygdastreif i Storli den 30.september -1.oktober i samarbeid med fylkesstyret på Storligard hos Wenche Storli. Ho fortalte om garden og utvikling av attåtånering, både turisme og foredling av produkt. Med fokus på næring og kultur, hadde vi engasjert Kåre Jostein Simonsen på bandoneon og trekkspel og Anong Vognild med dekorasjon i frukt og grønt. Desse to innslaga saman med transport tilfra Oppdal stasjon med Trollheimen turbuss var støtta av Oppdal og Rennebu Gjensidige. 7 medlem frå laget i Oppdal deltok.

I august /september var det endeleg klart at det vart Fjell- og fårrikålmesse i år. Spørsmål vart sendt medlemmane som ga 2 klare svar at vi bør bli med. Vi fekk det til med dugnadsinnsatsen frå 8 medlem og 8 frivillige utom laget. Alt utstyr vi bruker på Fjell- og fårrikålmessa står no lagra på Lønset (tidlegare samvirkelag og deretter tremiljø). Haldor Strand tilbyr gratis leige så lenge han eig lokala. All dugnad frå ikkje-medlem i samband med Fjell- og fårrikål blir honorert med ein juletallerken saman med oss på Grøseth kafe.

Oppdal bygdekvinnelag er no 18 medlern i talet og er etterspurt i bygda, 2 meldte seg ut i år. Vi har sagt nei til fleire dugnadsspørsmål fordi vi er for få og dei same som stiller ved dei fleste dugnadene.